

Årsmelding og rekneskap for Aukra sokn 2025



Foto: Tor Arne Aasen, Aukranytt



DEN NORSKE KYRKJA

AUKRA SOKN

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2025

Innhald

INNLEIING	3
AUKRA SOKNE- OG FELLESRÅD 2025.....	4
SOKNERÅDET SITT ARBEID I 2025	4
STABEN I AUKRA SOKN 2025	5
FRIVILLIGHEIT	5
SOKNESTATISTIKK 2025.....	6
NØKKELTAL 2017–2025	7
GUDSTENESTELIVET.....	8
KYRKJELEG UNDERVISNING/TRUSOPPLÆRING	9
DIAKONI	10
KYRKJEMUSIKK	11
MISJON OG NAUDHJELP	12
UTOVERRETТА KOMMUNIKASJON	12
KYRKJA	13
KYRKJELYDSHUSET	14
KYRKJEGARDEN	14
JUBILEUM: KYRKJA 190 ÅR, PÅSKELILJEMARKA 300 ÅR.....	15
LIKESTILLING	16
REKNESKAP 2025	16
VEDLEGG:	
Vedlegg 1: Møte og saker i Aukra sokne- og fellestråd (SFR) i 2025	18
Vedlegg 2: Rekneskap for Aukra sokn 2024 – talrekneskap	23



DEN NORSKE KYRKJA

INNLEIING

Aukra sokne- og fellestråd (SFR) legg med dette fram si årsmelding for 2025. Meldinga er utarbeidd i medhald av § 12 i *Kirkeordning for Den norske kirke*, som seier at soknerådet kvart år skal gi soknemøtet ei orientering om det kristelege arbeidet i soknet.

Årsmeldinga oppfyller også krava i § 12 i *Forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kirke* om årsrekneskap og årsberetning.

Høgdepunktet i året 2025 var kanskje Kyrkje- og påskeliljemarkjubileet som vart feira i veka etter påska. Dette var ei veke der mykje skjedde, og som gjorde at mange var med på ulike hendingar både i kyrkja og i andre samanhenger. Det er godt å gjere ting saman, sjølv om det også krev arbeid.

I 2025 har vi også hatt ein del vakanser. Men soknepresten kom tilbake i full stilling etter påske. Og i slutteb av februar starta kyrkjeverje i full stilling. Vi er særst takksame over jobben vikarar har gjort medan ulike stillingar ikkje har vore bemanna.

Kyrkjelydspedagog har det vist seg vanskeleg å tilsette, og arbeidet mellom barn og unge har dessverre vore påverka av dette.

Heldigvis har vi også mykje godt arbeid drive av frivillige, autonome grupper utan bistand frå den faste staben. Dette skaper breidde i arbeidet og gjer at mange av medarbeidarane føler eit spesielt eigarskap, ansvar og engasjement for «sitt» arbeid. I tillegg er det ei stor gruppe frivillige som trufast stiller opp til ulike tenester i samband med gudstenester og andre arrangement.

Soknerådet vil med dette rette ein takk til alle som har vore med og gitt sine bidrag til fellesskapet, anten som tilsett, frivillig eller deltakar i dei ymse aktivitetane i kyrkjelyden!



AUKRA SOKNE- OG FELLESRÅD 2025

Aukra sokne- og felleusråd (SFR) har i 2025 hatt slik samansetting:

Erlend Melby	Leiar
Marta Kristin Eidskrem	Nestleiar
Per Arne Rindarøy	Medlem
Hans Kristian Furnes	Medlem
Britt Karin Hagen Laastad	Medlem
Kari Margrete Fanghol	Medlem
Anne Berit Oterhals Skrede	Medlem
Rune Vågøy	Medlem
Edvin Magne Nybø	1. varamedlem
Janne Wie	2. varamedlem
Gunnar Kolflåth	3. varamedlem
Knut Oterhals	4. varamedlem
Kristian Finn Risung	Geistleg representant
Grethe Lystad Johnsen	Geistleg vararepresentant
Berit Cesilie Huse	Kommunen sin representant
Odd Jørgen Nilssen	Kommunen sin vararepresentant frå 01.02.24

Arbeidsutvalet (AU) har bestått av Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem og Kristian Finn Risung.

SOKNERÅDET SITT ARBEID I 2025

I 2025 har SFR hatt 10 møte og handsama 71 saker.

Sidan rådet både er felleusråd og sokneråd har det eit breitt arbeidsfelt, med ansvar for kyrkje og kyrkjegard, personalsaker, økonomi og administrasjon, gudstenester, diakoni, kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og frivillig arbeid i soknet.

Som **felleusråd** behandla rådet i 2025 m.a. saker om utlysing av stillingar for kontor og trusopplærar, planlegging av minnelund på kyrkjegarden og utgreiing av samarbeid mellom nabofelleusråda i prostiet.

Minnelund er også eit prosjekt som har vore viktig. Her har rådet i løpet av 2025 sett på plassering av minnelunda. Arbeidet vil bli vidareført i 2026.

Som **sokneråd** behandla rådet m.a. jubileet for påskeliljemarka og kyrkja, gudstenesteplan og saker om gjennomføring av misjonsbasar, arrangement for «gullkonfirmantane» og førjulssamkome, samt årsmøte med årsmelding og rekneskap for 2025.

Årsmøtet blei halde søndag 7. september etter gudsteneste på Mevoldtunet.

Soknerådet har også hatt fokus på kva det er vi må satse på i kyrkjelyden, der har vi sett på dei frivillige som ei stor styrke vi vil jobbe vidare med og arbeidet for barn/unge/familiar som noko vi kjenner at vi må ta tak i!

STABEN I AUKRA SOKN 2025

Staben har i 2025 bestått av desse personane:

Kristian Finn Risung	Sokneprest	100 %
Geir Ove Tangen	Kyrkjegardsarbeidar	80 %
Britt Karin Hagen Laastad	Kyrkjetenar	30 %
Monika Wrzosek	Reinhaldar på Kyrkjelydshuset	15 %
Anne Marie Sødal	Kyrkjevevjerje frå 24.02.25	100%
Kari Margrete Fanghol	Kyrkjevevjevikar	Time
Max Ingar Mørk	Kyrkjevevjevikar	Time
Bjørn Kleivenes Vevang	Organist frå 8.6.25 – 13.10.25	60 %
Ann Ingeborg Julnes	Klokkar i Aukra kyrkje	Time
Aud Wally Berg	Klokkar i Aukra kyrkje	Time
Linea Julnes	Klokkar i Aukra kyrkje	Time

Kristian Finn Risung hadde permisjon i 50 % i starten av året, men etter påske var han tilbake for fullt.

I Julsundet har Marta Kristin Eidskrem gjort teneste som kyrkjetenarar og Oddrun Moen og Marta Kristin Eidskrem som klokkarar.

Jens Petter Kjøll har gjort teneste som tilnærma fast organistvikar ved søndagsgudstenestene i kyrkja. Tidlegare kantor Robert Coates har og teke på seg speling ved ei rekke gudstenester og gravferder. Elles har det vore leigd inn ulike organistar frå distriktet til andre gudstenester og gravferder.

Staben er liten, med fleire deltidstillingar, og er sårbar når sentrale medarbeidarar sluttar eller blir sjuke.

Trusopplærarstillinga blei lyst ut både i februar/mars og i oktober 2025, men fekk ingen aktuelle søkarar. Dei fleste av tiltaka i trusopplæringsplanen har derfor måtta utgå i 2025.

FRIVILLIGHEIT

I tillegg til den faste staben er det om lag 70 personar som har delteke i frivillig arbeid og dugnad i kyrkjelyden. I tillegg har ein samarbeid med frivillige organisasjonar i kommunen som Gossen bygdekvinnelag og Husflidslaget. Gossen Barnegospel og Gossen Gospel Voices øver fast på Kyrkjelydshuset og bidreg med deltaking på gudstenester og med egne konsertar.

I samband med gudstenester deltek frivillige mellom anna som dåpsvertar, kyrkjevertar, tekstlesarar og nattverdmedhjelparar, og med å lage kyrkjekaffi, streaming til omsorgssenteret

Anna frivillig arbeid er nærare skildra i kapitla om *Kyrkjeleg undervisning/trusopplæring*, *Diakoni*, *Kyrkjemusikk*, *Misjon* og *naudhjelp* og *Utoverretta kommunikasjon*.



SOKNESTATISTIKK 2025

Tabellen viser nokre nøkkeltal frå soknestatistikken 2025.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar	Tal handlingar (tal deltakarar i parentes)
Gudstenester søn- og helgedagar	38 (2 439)
Gudstenester andre dagar	11 (967)
Sum gudstenester	49 (3 406)
Døyppte	18
Konfirmerte	21
Vigslar	3 ()
Gravferder	36 (3448)
Spesielle gudstenester:	
Gudstenester med nattverd	24 (655)
Hovudgudstenester særleg for barn	1 (154)
Barnehage- og skolegudstenester	7 (365)
Gudstenester med dåp	16 (1 368)
Konfirmasjonsgudstenester	2 (542)
Julaftansgudstenester	3 (406)
Andre tilbod:	
Besøk i kyrkja av barnehage	2 besøk/4 avdelingar
Besøk i kyrkja av skoleklassar	1 besøk/5 klasse
Babysong/småbarnsong	1 tilbod/5 deltakarar
Soknebod	0
Sjelesorgsamtalar	80 samtalar
Konsertar og andre kulturarrangement:	
Konsertar i regi av kyrkjelyden	2 (475)
Konsertar i regi av andre	4 (350)
Andre kulturarrangement	4 (450)
Fest for frivillige/open for alle	1 (67)
Frivillige medarbeidarar:	
Planlegging og gj.føring av gudstenester	25 frivillige
Trusopplæringstiltak	3 frivillige
Diakonalt arbeid	8 frivillige
Komité og utvalsarbeid	7 frivillige
Anna kyrkjelydsarbeid	10 frivillige
Ofringar, innsamlingar og gåver:	
Offer/kollekt i kyrkja totalt	137 100 kr
Av dette til eiga verksemd	50 690 kr
Givarteneste til eige arbeid	5 400 kr
Andre innsamlingar, gåver, basarar o.l.	107 800 kr
Av dette til eige arbeid	19 250 kr

NØKKELTAL 2017–2025

Aukra sokn	2017	2018	2019	2021	2022	2023	2024	2025
Folketalet i komm.	3 547	3 557	3 539	3 522	3 518	3 678	3 749	
Medlemmar i Dnk	2 626	2 595	2 567	2 566	2 553	2 529	2 539	2536
Deltakarar på guds-tenester helgedagar	3 690	2 899	2 871	1 597	2 670	1 934	3 170	2 439
Deltakarar på guds-tenester andre dagar	1 217	994	868	461	518	939	564	967
Døyppte	22	17	20	12	15	11	18	25
Konfirmerte	23	20	35	23	22	20	23	21
Vigslar	4	5	1	4	4	1	1	3
Gravferder	26	29	28	35	38	33	30	36
Innsamlingar totalt	166 780	179 093	97 354	103 880	163 200	101 920	268 000	250 300
Innsamlingar eige arbeid	63 832	53 116	74 368	24 000	19 200	18 050	63 000	75 340



Øvre graf: Utviklinga i tal døyppte, konfirmerte, vigslar og gravferder i Aukra sokn 2017–2025.

Nedre graf: Deltakarar på gudstjenester totalt og pr. gudstjeneste 2017–2025. Kjelde: Kyrkja vår.

GUDSTENESTELIVET

Gudstenestene er pulsslaget i kyrkjelyden sitt liv. Gjennom eit variert gudstenestetilbod prøver ein å nå folk i ulike aldrar og livssituasjonar med evangeliet, og skape eit rom for dei i kyrkja.

Vi ligg ganske jamt på gudstenesteopplutning i 2024 og 2025, med ein liten nedgang.

Gudstenester med ulik profil som rettar seg mot spesielle grupper

Det har, tradisjonelt sett, ikkje vore så mange «spesialgudstenester» i Aukra. Det har i større grad vore slik at noko av det «spesielle» heller fått sette sitt preg på høgmessene. Nokre gonger er høgmessa gjort om til ei familiegudsteneste for å imøtekomme ønskja til dei medverkande. På denne måten får ein litt oftare «store» gudstenester med mange element – som dåp og utdeling av bok og med besøk av barnegospel på ein og same gudsteneste. Dette året prøvde vi oss på ei gudsteneste med utdeling til to alderkull samtidig, på hausttakkefest, og det var såpass god oppslutning at det freistar til gjentakning.

Kvardagsmesse

Kvardagsmessene har vore sett på vent i 2025.

Kyrkjelege handlingar: Dåp, konfirmasjon, vigslar og gravferder

Talet for dåp har hatt eit godt oppsving, frå 11 i 2023 til 25 i 2025.

Konfirmasjonstalet i kyrkjelyden har vist ein varierende, noko svakare, tendens dei siste åra. Grunnane til dette kan vere mange. Mykje skuldast at dei fleste konfirmantane frå Julsundet følgjer konfirmantopplegget i Vågøy kyrkje og blir registrerte som konfirmantar i Vågøy og ikkje i Aukra.

Tala for kyrkjelege vigslar gjekk litt opp frå året før. Vi hadde tre vigslar, der to av dei var overraskelsesbryllaup i samband med dåp. Kanskje dette kan vere eit innspel til at vi må byrje å tenke litt nytt rundt vigslar.

Gravferd er den kyrkjelege handlinga som har høgast tilslutnad. Dette året hadde vi heile 37 kyrkjelege gravferder. I desse tala er det også gravferder i kyrkja for ikkje-medlemmar, og for medlem som har budd vekke dei siste åra.

Gudstenesteutvalet

Gudstenesteutvalet er det utvalet under soknerådet som har hatt møteverksemd i løpet av året. Mot slutten av året kom det også ønskje om å slå seg saman med musikkutval, og dette har blitt gjennomført. Utvalet har hatt om lag eit par møte i semestret. Det har vore mykje idémyldring rundt kva ein kan gjere for å få fleire til å komme i kyrkja.

Hausten 2025 vart det prøvd med kyrkjelunsj nokre gonger, og med meir pr rundt det kan det bli noko som gjer at fleire ønskjer å komme på gudsteneste.

Gudsteneste- og musikkutvalet består av Edvin Magne Nybø (leiar), Jens Petter Kjøll, Kristian Finn Risung, Roy Iversen, Rune Vågøy og Albrecht og Andrea Gertenberger.

KYRKJELEG UNDERVISNING/TRUSOPPLÆRING

Kyrkjelyden stod utan trusopplærar/kyrkjelydspedagog i heile 2025, og mykje av årsplanen for trusopplæring måtte derfor gå ut. Nokre tiltak blei likevel gjennomført i regi av andre tilsette eller frivillige.

Babysong

Aukra kyrkjelyd inviterte til eit kurs dette året. Seks samlingar i februar/mars. Det var med fem deltakarar. Samlingane var på torsdagar kl. 11.00 – 12.30 i kyrkjelydshuset.

Åse Inger Rød Kjellnes, Anny Huse Sæter og Eli Vengen har hatt ansvaret for babysongen.

Aukra Barnegospel

Aukra Barnegospel øver annankvar torsdag kl. 18.00 – 18.45 i Kyrkjelydshuset. Barna i koret er mellom 4 og 10 år. Oppmøtet på øvingane er ca. 30 barn pluss mange vaksne som er med sine "håpefulle". Opplegget går ut på at ein syng mykje, høyrer bibelforteljing og et litt godt. Det er høg trivselsfaktor!

Koret har 5 leiarar: Gunnar Kolflåth, Jens Petter Kjøll, Helga Hjelmås, Mari Lotte Julnes og Pernille Goksøyr Jenssen.

Skule- og barnehagesamlingar

Kyrkja har framleis god kontakt med skole og barnehage, særleg gjennom samlingane i samband med advent og påske. Tredje trinn ved Gossen barne- og ungdomsskole var etter tradisjonen på påskevandring, dette året litt seint i god tid etter påske. I advent var det skolegudstenester for Gossen barne- og ungdomsskole Før jul var det også fem samlingar for barnehagane i kyrkja. Alle samlingane og gudstenestene blei leia av soknepresten.

Dette året hadde vi også samlingar i samband med påskeliljebileet. 8.klasse frå både Gossen og Julsundet hadde samling om kyrkja og påskeliljemarka

Vi hadde også barnehagane på besøk for eit opplegg om kyrkja og marka. Noko som resulterte i at barnehagane ønska dette som fast program for skulestartarane i åra framover.

Konfirmantarbeidet

Soknepresten hadde eineansvar for konfirmantarbeidet dette året. Til saman 21 konfirmantar blei konfirmert i kyrkja dei to første laurdagane i mai. I tillegg til deltaking på konfirmantsamlingar, har dei gjennomført fasteaksjon, sport og gøy samling saman med Misund, lysmesse og tur til Bjørnsund. Dei har også teke del i dei ordinære gudstenestene som kyrkjevertar, klokkarar og kyrkjetenarar.

Dei fleste konfirmantane som bur i Julsundet har vore med på konfirmantopplegget i Hustadvika/Vågøy.

DIAKONI

Kyrkjelyden har ikkje eigen diakoniarbeidar, men det blei gjennomført fleire diakonale tiltak, både i regi av soknepresten og frivillige.

Soknepresten sitt diakonale arbeid

Soknepresten står til teneste med soknebod og sjelesorgsamtalar etter behov og deltek regelmessig med ulike tenester knytt til dagsenteret, heimetenesta, demenskoordinator og koordinator for personar med alvorleg sjukdom. Han er også leiar for Aukra psyko-sosiale kriseteam. Minnegudstenesta på Allehelgensdag står også i diakonalt lys.

Onsdagskaféen

Onsdagskafeen er eit viktig møtepunkt her i kyrkjelyden.

I tillegg til vaflar, kaffi og sosialt samvær, prøver ein også å ha ein også prøvd å få til eit kulturelt innslag, anten ved at nokon kjem og underheld eller i form av allsong.

Onsdagskaféen er basert på frivilligheit. Det trengs heile tida nye frivillige som kan bidra, , og det har i løpet av året kome til fleire nye medarbeidarar. Desse personane har hatt ansvar for kaféen i 2025: Svein Løwe, Kari Margrete Fanghol, Eli Vengen, Kari Anne Sølviik, Oddrun Arntsen

Minnesamvære

Ein dugnadsgjeng beståande av Janne Wie, Kari Fanghol, Eli Vengen, Berit Sporsheim, Gunn Kari Ilestad, Kari Anne Sølviik og Svein Løwe har etablert eit tilbod om å arrangere minnesamvære på Kyrkjelydshuset etter gravferder i kyrkja. Tilbodet omfattar praktisk gjennomføring av minnestunda med tilrigging, servering og opprydding. Pårørande må sjølv ordne med mat og eventuelle eksterne innslag. Ordninga er eit godt diakonalt tiltak som fleire og fleire har nytta seg av.

Gruppa har i 2025 arbeidd vidare med rutinar på kjøkkenet, og har komme med innspel til ting som trengs for at det skal vere mogleg å gjennomføre arbeidet. Noko som mellom anna har resultert i nye stålkjelar, som gjer arbeidet enklare. Inntektene av arrangementa går til Kyrkjelydshuset, men er også indirekte med på å finansiere anna frivillig arbeid i kyrkjelyden.

Andre diakonale og sosiale tiltak

I løpet av året arrangerte soknerådet fleire samkome av diakonal og sosial art:

- Grautsal på feitetysdag 4. mars
- Servering av gullkonfirmantane 15. mai
- Open kyrkje og kaffiservering på kyrkjegarden laurdag før Allehelgensdag
- Førjulssamkome 28. november
- Pensjonisttreff 3. desember

KYRKJEMUSIKK

Sidan vi stort sett ikkje har hatt fast kantor, måtte fleire av dei musikalske tilboda reduserast eller settast på pause. Det gjaldt t.d. den tradisjonelle allehelgenskonserten, adventskonserten på Julsundet, speling på onsdagskaféen og musikktilmar i konfirmantundervisninga. Speling på gudstenester, gravferder, dåp og vigslar blei gjennomført på vanleg måte ved bruk av innleigde vikarar.

Det har likevel vore gjennomført fleire konsertar i soknerådet sin regi eller arrangert av artistane sjølv:

- Konsert ved Kjetil Sporsheim og Ole Flugstad 10.april
- Konsert ved Karoline Krüger og Sigvart Dagsland på Kulturhuset i samband med jubileet 26.april
- Konsert ved Mathias Kalvatsvik Bjørn Kalvatsvik 12.oktober77
- Adventskonsert i Aukra kyrkje med fleire lokale lokale krefter og Gossen mannskor med Jens Petter Kjøll som produsent 7. desember
- Julekonsert med Gossen Gospel Voices 15.des
- Julekonsert med Aukra kulturskole i kyrkja 16. desember



MISJON OG NAUDHJELP

Misjonsprosjektet i Moldova

Kyrkjelyden har framleis misjonsprosjektet i landsbyen Cantemir i Moldova i regi av *Misjon Uten Grenser*. Soknerådet valde å vidareføre prosjektet i Moldova. Prosjektet har ei engasjert kjerne med frivillige og er godt forankra i kyrkjelyden. Ein del av prosjektet består av innsamling av klede som blir sende til Moldova, eit arbeid som er godt innarbeidd og som engasjerer breitt i soknet.

Den årlege misjonsbasaren blei arrangert 28. februar. Om lag 70 personar var innom basaren, og det blei omsett for i overkant av kr. 32 000,-. Det var loddsal på førehand, og åresal, tombola og matsal på sjølve basaren. Ei engasjert gruppe arbeider heile året med å lage eller skaffe gevinstar.

Prosjektet samlar også inn pengar til *Aksjon skulesekk* på hausten og *Aksjon julegåve* til jul. I tillegg blir prosjektet støtta med fleire kyrkjeoffer gjennom året.


Fasteaksjonen

Den årlege fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp blei avvikla søndag 06.april. Da konfirmantane kom tilbake, var det laga klart noko godt å bite i på Kyrkjelydshuset.

I bøssene kom det inn kontantar for kr. 9 854,-, Gjennom VIPPS kom det inn kr. 19 284,- i tillegg til litt offer til aksjonen var samla sum. 29 876,-.

Konfirmantane på Julsund-sida gjekk med bøsse saman med konfirmantane frå Vågøy tysdag 8.april.

UTOVERRETTA KOMMUNIKASJON



Kyrkjebladet

Kyrkjebladet for Aukra kom i 2025 ut med fire nummer: eit påskenummer, eit sommarnummer, eit haustnummer og eit julenummer. Kyrkjebladet blir fulldistribuert gratis til alle husstandar i kommunen, og har blitt svært godt motteke. Det er også abonnentar frå andre stader som ønskjer kyrkjebladet.

Kyrkjebladet har tidlegare basert drifta si på berre annonse- og gåveinntekter. Dette er ikkje nok til å finansiere drifta av bladet, så Aukra felleusråd har gjort vedtak om å dekke opp underskotet.

Bladet trykkast hos ETN Grafisk i Skien. Svein Løwe har kontakt med trykkeriet og posten for å avklare innhald og distribusjon.

Redaksjonen består av: Berit Marie Sporsheim, Kristian Finn Risung, Svein Løwe og Jostein Vengen.

Streaming av gudstenester til omsorgssenteret

Frå 2025 vart det direkteoverføring av gudstenester til omsorgssenteret. Det er lagt opp linje som gjer at alle bebuarane kan sjå gudstenesta på eige rom eller i fellesstuer. Det har vore nokre tekniske utfordringar med dette, så det er viktig å sjekke opp at overføringa faktisk skjer, og nokre gonger har ein måtta ta opp på og levert dvd i staden.

I 2025 var det to som delte på å filme gudstenestene: Edvin Magne Nybø og Svein Løwe.

Heimeside, Facebook og lokalavis

Soknet har si eiga heimeside – *aukrakyrkje.no* – som kyrkjekontoret prøvar å halde oppdatert med informasjon om gudstenester og andre aktivitetar i kyrkjelyden.

Informasjon om gudstenester og andre arrangement blir regelmessig lagt ut på facebooksidene til *Aukra kyrkjelyd*, *Det skjer på Gossen* og *Det skjer i Julsundet*. Og vi prøver å henge opp plakatar rundt på butikkane.

Gudstenester blir elles kunngjort gjennom kyrkjelista i Romsdals Budstikke, og ymse andre arrangement på Budstikka sin kulturkalender eller møtekalender.

Vi har også fleire gonger vore synleg i lokalavisa Aukranytt, og annonserer særleg rundt høgtider der.

KYRKJA

Vi har ei vakker kyrkje, som mange syns det er fint å få komme inn i. Og så er det stadig arbeid som må gjerast på ei kyrkje.

Dette året fekk vi økonomisk støtte frå kyrkjebevaringsfondet for å byrje på eit større prosjekt med rehabilitering av kyrkja og da særleg vindauga. Firmaet Dør og vindusvern tok på seg jobben. Dei kom i gang litt seinare enn planlagt, så dei fekk byrja på det første og mest skada vindaugget før vinteren sette inn. Dette arbeidet skal gå vidare i 2026.



KYRKJELYDSHUSET

Kyrkjelydshuset er stadig mykje nytta. Her er korøvingar for både Gossen Gospel Voices og Aukra barnegospel. Det er onsdagskafe kvar onsdag utanom feriar, det er babysang, og det har vore nærare 20 minnesamver dette året. Det har også vore leidd ut til dåpsselskap, konfirmasjonsselskap, bursdagsselskap m.m.

Det er altså eit aktivt hus, og det dukkar stadig opp behov og ting som må gjerast. I 2025 vart det kjøpt inn noko meir servisedelar, og ikkje minst nye stålkjeler vi har leieavtale med Nor-Tekstil om dukar. for å gjere jobben lettare for dei som er på kjøkkenet. Det er også ei stor lette at og det blei inngått avtale med Nor-Tekstil i Molde om levering og vask av dukar.

Sommaren var varm, og da blir det særst varmt i kyrkjelydshuset. Vi må på sikt tenke på om vi må gjere meir med solskjerming, eventuelt sette inn varmepumpe i sjølvvet rommet som også kan fungere som aircondition.

KYRKJEGARDEN

Soknet har fast tilsett kyrkjegardsarbeidar i 80 % stilling, som også har ansvar for ytre vedlikehald av kyrkja og vaktmeistertenester på Kyrkjelydshuset.

Kyrkjegarden er ein viktig møteplass og identitetsmarkør for Aukrasamfunnet. Kyrkjegardsarbeidaren står jamt på for å halde kyrkjegarden i god stand, og vi har ein godt holdt kyrkjegard her på Aukra som vi kan vere stolt over!

I 2025 vart store delar av bøka som stod rett ved kyrkja tatt ned. Den var til fare for både folk og kyrkje slik den stod, så det var godt å få redusert den. Så har vi framleis mange store tre på kyrkjegarden, og vi jobbar med korleis vi kan forvalte dei på best mogleg vis.

Elles blei det utført kontrollar og service på maskinar og utstyr etter behov.



JUBILEUM: KYRKJA 190 ÅR, PÅSKELILJEMARKA 300 ÅR

I april feira vi 190-års jubileum for kyrkja og 300-årsjubileum for påskeliljemarka.

Her feira vi ei veke til endes og hadde eit rikhaldig program med gudstenester, påskeliljemarsj, skule- og barnehagebesøk, ulike utstillingar, samarbeid med ulike lag, foreiningar og museet.

Eit av dei store høgdepunkta var konserten med Karoline Krüger og Sigvart Dagsland framom ein fullsett sal på Kulturhuset. Men det var også mange andre små og store høgdepunkt.

Denne veka krevde mykje arbeid, men den gjorde også mykje med samhaldet og kjensla av at kyrkja har ei viktig rolle i nærmiljøet.



Programmet for jubileumsveka:

HEILE VEKA

Utstilling i Aukra kulturhus
Liljå: Elevarbeid, prosjekt ARV (Arr: Aukra kulturskule)
Biblioteket: Anne Brit Krag (Arr. Aukra kunstlag)

Utstilling i kyrkjelydshuset
Gamle foto med tema Aukra kyrkje og påskeliljemarka
(Arr. Aukra historielag)

Utstilling i Aukra kyrkje
Prosjekt ARV og biletkunstnar Anne Brit Krag

Sal av barneboka "Liljene på marka"

PROGRAM

Mandag 21.april - 2.påskedag
12.00 Påskeliljemarsj v/Husflidslaget. Kort og lang løype
Oppmøte kyrkjelydshuset. 50 kr
17.00 Jubileumsgudstenste i kyrkja v/Ingeborg
Midtømme, Kristian Finn Risung, Robert Coates m/fl

Kyrjekaffi i prestegarden etter gudstenesta.

Onsdag 23.april
Barnehagane på besøk i kyrkja

17.00 Middagssal på kyrkjelydshuset v/eining for
innvandring og integrering

18.00 Jubileumsfeiring på Ving. Oppmøte i kyrkja

19.00 Kyrkjevandring i og utanfor kyrkja v/Bjørn Ringstad
og Max Ingar Mørk.

Torsdag 24.april
8.-klassane på kyrkjevandring

18.00 Bygdekvinnelaget, kyrkja og påskeliljemarka. Gode
minne og opplevingar formidla gjennom forteljingar, foto,
dikt, sang og musikk. Aukra kulturhus

18.30 KRIK-samling på GBU for ungdomsskuleelevar

Laurdag 26.april
19.00 "En kveld med Karoline og Sigvart"
Jubileumskonsert Aukra kulturhus. Billettsal

Søndag 27.april
11.00 Familiefestgudsteneste v/Grethe Lystad Johnsen,
Kristian Finn Risung, Robert Coates, elever frå Aukra
kulturskule, Aukra barnegospel

18.00 Foredrag ved Morten Øveraas - førstekonservator
NMF. og minikonsert ved Gossen mannskor på
Løvikremma. Billettsal (Romsdalsmuseet eller i døra)

LIKESTILLING

I § 12 i Forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kirke heiter det:

«I årsberetningen skal det gjøres rede for

- a. den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestillingen, herunder kjønnsfordelingen i styrende organer,
- b. eventuelle likestillingstiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å fremme likestilling uavhengig av kjønn,
- c. eventuelle begrensninger når det gjelder tilgang til egne aktiviteter, styrende organer, verv eller stillinger som har sammenheng med ett eller flere diskrimineringsgrunnlag,
- d. eventuelle segregerte aktiviteter eller tilbud.»

Bokstav a. om styrande organ gjeld i vår samanheng sokne- og fellesrådet. Mellom dei faste medlemmane var det 4 menn og 6 kvinner.

Staben var i 2025 framleis prega av vikarar. Av dei fast tilsette var det 3 menn og 3 kvinner.

Det er såleis god kjønnsfordeling både i stab og styrande råd.

Når det gjeld bokstav b., c. og d. har soknet ingen særlege tiltak, avgrensingar, aktiviteter eller tilbud.

REKNESKAP 2025

Rekneskapa for Aukra sokn 2025 viser eit netto driftsresultat inkl. finansinntekter på kr. 52 004.

Inntekter

Driftsinntekter 2025	Rekneskap	Prosent av sum
Brukarbetaling, avgifter, leigeinntekter	671 491	11,6 %
Refusjonar/overføringar (sjukeref., mva-ref.)	425 315	7,4 %
Tenesteyting frå kommunen – kalk. inntekt	213 200	3,7 %
Tilskot frå Dnk og Staten	55 486	0,1 %
Tilskot frå Aukra kommune	4 083 000	70,7 %
Gåver og innsamla midlar	231 992	4 %
Sum driftsinntekter	5 772 653	100,0 %

Utgifter

Driftsutgifter 2025	Rekneskap	Prosent av sum
Løn og sosiale utgifter	2 541 715	45,4 %
Kjøp av varer og tenester	2 351 619	42 %
Refusjonar/overføringar (offer til andre)	311 679	5,6 %
Tenesteyting frå kommunen – kalk. utgift	213 200	3,8 %
Tilskot og gåver	176 915	3,2 %

Sum driftsutgifter	5 595 128	100,0 %
---------------------------	------------------	----------------

Tabellen viser fordelinga av driftsutgiftene i 2024. Løn og sosiale utgifter utgjorde 42,6 % av samla driftsutgifter mot 56,6 % i 2023. Dette skuldast i hovudsak vakanse i fleire stillingar. Ulike innkjøp utgjorde 43,1 %, tenesteyting frå kommunen 4,1 % og refusjonar, tilskot og gåver 3,2 %.

Fondsmidlar – bundne driftsfond

Bundne driftsfond	01.01.2025	31.12.2025
Bunde driftsfond kyrkjelydshus	11 950	11 950
Musikkinstrument Julsundet	9 775	9 775
Merking av krigsgraver	168 000	0
Trusopplæringsmidlar bispedøme	268 214	317 507
Trusopplæring givarmidlar	8 400	13 700
Sum bundne driftsfond	466 339	352 932

Bunde driftsfond for trusopplæringsmidlar frå bispedømet er tilskotsmidlar som blei utbetalt i 2024 og 2025, men ikkje brukt på grunn av vakanse i trusopplærarstillinga. Midlane vil bli brukt til å finansiere løn for eventuell ny kyrkjelydspedagog/undervisningsarbeidar i 2026, evt gjennomføring av kyrkjeleg undervisning utan fast tilsett.

Disposisjonsfond	01.01.2025	31.12.2024
Disposisjonsfond	540 065	540 065
Fond festeavgift	77 165	77 165
Sum disposisjonsfond	716 818	617 230

Bundne investeringsfond	01.01.2024	31.12.2024
Julsundet kapellråd	16 486	16 486
Sum bundne investeringsfond	16 486	16 486

Pr. 01.01.25 sto det kr. 540 065 på disposisjonsfondet. Desse midlane var m.a. tenkt brukt til fasaderehabilitering på kyrkja i 2025. Da ein kom langt kortare enn tenkt i 25, står desse midla framleis urørt og blir brukt til dette arbeidet i 2026.

Disposisjonsfondet for festeavgifter er primært tenkt til tiltak på kyrkjegarden, t.d. opparbeiding av namna minnelund. Dette arbeidet starta hausten 2024 og etter veldig forsiktig framdrift i 2025 vil det bli vidareført i 2026

VEDLEGG

Vedlegg 1: Møte og saker i Aukra sokne- og fellesråd (SFR) i 2025

Møte i SFR 23.01.25

- Sak 01/25 GODKJENNING AV: A:Innkalling B: Sakliste C:Referat 12.12.2024
- Sak 02/25 Førebuing av misjonsbasaren 28.02.25 (SR-sak)
- Sak 03/24 Førebuing av feitetysdag 04.03.2025 (SR-sak)
- Sak 04/25 Offerliste for 2025 (SR-sak)
- Sak 05/25 Førebels budsjett for 2025 (SFR-sak)
- Sak 06/25 Utlysing av stillingane for kantor/organist/kyrkjemusikar og kateket/kyrkjelydspedagog/trusopplærar (FR-sak)
- Sak 07/25 Referat- og orienteringssaker (SFR-sak)
 - Sak 07/25-1 Referat frå AU-møte 09.01.2025
- Sak 08/25 Eventuelt
 - Sak 08/25-1 Prestesituasjonen våren 2025
 - Sak 08/25-2 Drop in-bryllup på Valentinesdagen
 - Sak 08/25-3 300-årsjubileet for Påskeliljemarka
 - Sak 08/25-4 Reparasjon av orgelet i kyrkja
 - Sak 08/25-5 Førstehjelpskurs våren 2025

Møte i SFR 20.02.25

- Sak 09/25 GODKJENNING AV: A:Innkalling B: Sakliste C:Referat 23.01.2024
- Sak 10/25 Førebuing av fasteaksjonen 06.04.25 (SR-sak)
- Sak 11/24 Endeleg gudstenesteplan og offerliste for 2025 (SR-sak)
- Sak 12/25 Jubileumsveka - Førebuingar som involverer soknerådet (SR-sak)
- Sak 13/25 Introduksjonsprogram for ny kyrkjevevje (SFR-sak)
- Sak 14/25 Søknad om permisjon frå SFR (SFR-sak)
- Sak 15/25 Deltaking på Aukradagen 14.06.2025 (SR-sak)
- Sak 16/25 Referat- og orienteringssaker (SFR-sak)
 - Sak 16/25-1 Referat frå AU-møte 06.02.2025
 - Sak 16/25-2 Tilskot frå Kirkebevaringsfondet til Aukra kyrkje
 - Sak 16/25-3 Streaming av gudstenester til Omsorgssenteret
- Sak 17/25 Eventuelt
 - Sak 17/25-1 Førstehjelpskurs for tilsette og frivillige
 - Sak 17/25-2 Reparasjon og stemming av orgelet i kyrkja

Møte i SFR 13.03.25

- Sak 18/25 GODKJENNING AV: A:Innkalling B: Sakliste C:Referat 20.02.2025

- Sak 19/25 Introduksjon av ny kyrkjeverje (*SFR-sak*)
- Sak 20/24 Planlegging av namna minnelund (*FR-sak*)
- Sak 21/25 Rekneskap for Aukra sokn 2024 (*SFR-sak*)
- Sak 22/25 Program for påskelilje- og kyrkjejubileet 2025 (*SR-sak*)
- Sak 23/25 Referat- og orienteringssaker (*SFR-sak*)
 - Sak 23/25-1 Referat frå AU-møtet 03.03.2025
 - Sak 23/25-2 Rapportar frå dei utvala som har noko å legge fram
 - Sak 23/25-3 Betre belysning i kyrkja
 - Sak 23/25-4 Gjennomgang av årshjulet
- Sak 24/25 Eventuelt
 - Sak 24/25-1 Planlegging av gudstenesta 23.03.25
 - Sak 24/25-2 Misjonsaksjonen «Sammen som kirke i hele verden»

Møte i SFR 8.04.25

- Sak 25/25 GODKJENNING AV: A:Innkalling B: Sakliste C:Referat 13.03.2025
- Sak 26/25 Tilsetting av kantor/organist
- Sak 27/25 Referat- og orienteringssaker (*SFR-sak*)
 - Sak 25/24-1 Referat frå møte i AU 27.03.25
- Sak 28/25 Eventuelt
 - Sak 28/25-1 Korleis ligg det an med jubileum og økonomi?
 - Sak 28/25-2 Frå gudstenesteutval

Møte i SFR 15.05.25

- Sak 29/25 GODKJENNING AV: A:Innkalling B: Sakliste C:Referat frå 08.04.2025
- Sak 30/25 Årsmelding og reknskap 2024
- Sak 31/25 Høyring felles strategi for Møre bispedøme
- Sak 32/25 1.pinsedag – flyttast til hausten?
- Sak 33/25 Aukradagen 14.juni
- Sak 34/25 Gullkonfirmantar 15.juni
- Sak 35/25 Årsmøtet
- Sak 36/24 Kyrkjelydstur til Bjørnsund 14.september?
- Sak 37/25 Tiltak frå gudstenesteutvalet
- Sak 38/25 Utval
- Sak 39/25 Evaluering jubileum
- Sak 40/25 Referat- og orienteringssaker (*SFR-sak*)
 - Sak 40/25-1 Referat frå møte i AU 27.03.25
 - Sak 40/25-2 Samarbeidsprosjektet i Molde domprosti

- Sak 40/25-3 Personalsituasjon
- Sak 40/25-4 Minnelund – kor står vi no

Sak 41/25 Endeleg godkjenning av Årsmelding og reknskap

Møte i SFR 12.06.25

- Sak 42/25 GODKJENNING AV: A:Innkalling B: Sakliste C:Referat frå møte 15.05.2025
- Sak 36/24 Kyrkjelydstur til Bjørnsund 14.september? Frå førre møte
- Sak 43/25 Revidert budsjett
- Sak 44/25 Minnelund
- Sak 45/25 Utleige av kyrkjene til konserter. Reglement og rutinar
- Sak 46/25 Referat- og orienteringssaker (*SFR-sak*)
 - Sak 46/25-1 Referat frå møte i AU 03.06.25
 - Sak 46/25-2 Avtakking av fung. Kyrkjevevjer og organist 15.juni
 - Sak 46/25-3 Utbetaling honorar SFR
 - Sak 46/25-4 Endring av utleigeskjema KLH
- Sak 47/25 Eventuelt
 - Sak 47/25-1 Møtedatoar til hausten.
 - Sak 47/25-2 – Møte om sambrukshus
 - Sak 47/25 - Sjukepengerefusjon

Møte i SFR 11.09.25

- Sak 48/25 GODKJENNING AV: A:Innkalling B: Sakliste C:Referat frå møte 12.06.2025
- Sak 49/24 Honorar til kyrkjebladredaktøren
- Sak 50/25 Budsjettarbeid.
- Sak 51/25 Kalender fremover
- Sak 52/25 Minnelund
- Sak 53/25 Referat- og orienteringssaker (*SFR-sak*)
 - Sak 53/25-1 Referat frå møte i AU 28.08.25
 - Sak 53/25-2 Samarbeidsprosjektet i prostiet
 - Sak 53/25-3 Konfirmantleir
 - Sak 53/25-4 Ansatte og engasjement
- Sak 54/25 Eventuelt
 - Sak54 /25 – 1 Ofring 14. september.
 - Sak54 /25 -2 Kyrkjelunsj 12. okt.
 - Sak54 /25 – 3 Samanslåing av gudstenesteutval og musikkutval

Sak54 /25 -4 Innkjøp av gulvaskemaskin til kyrkja
Sak 54/25 -5 Flytting av neste soknerådsmøte

Møte i SFR 16.10.26

Sak 55/25 GODKJENNING AV A:Innkalling B: Sakliste C:Referat frå 11.09.2025

Sak 56/24 Samarbeidsprosjektet i prostiet

Sak 57/25 Utlysing av stillingane for kantor/organist/kyrkjemusikar og kateket/kyrkjelydspedagog/kyrkjelydsarbeidar (fr-sak)

Sak 58/24 Adventskonsertane

Sak 59/24 Kalender m/ansvarlegg

Sak 60/25 Referat- og orienteringssaker (*SFR-sak*)

Sak 60/25-1 Referat frå møte i AU 26.09.25

Sak 60/25-2 Referat frå møte i ekstraordinert AU 2.10.25

Sak 60/25-3 Økonomi innsendt til kommunen

Sak 60/25-4 Romsdalsløypa – 5-åringane på besøk i kyrkja

Møte i SFR 6.11.25

Sak 61/25 Delegering av tilsetting i AU

Møte i SFR 11.12.25

Sak 62/25 GODKJENNING AV A:Innkalling B: Sakliste C:Referat frå møte 16.10.2025 og 6.november 2025

Sak 63/25 Valentinsdagen – dropp inn bryllup.

Sak 64/25 Datoar for møta i 2026

Sak 65/25 Årshjul for 2026

Sak 66/25 Gudstenesteliste for 2026

Sak 67/25 Offerliste for 2026

Sak 68/25 Budsjett for 2026

Sak 69/25 Val av leiar og nestleiar for 2026

Sak 70/25 Referat- og orienteringssaker (*SFR-sak*)

Sak 70/25-1 Referat frå møte i AU

Sak 71/25-2 nye tilskotsordningar

Sak 71/25 Eventuelt

Oppstart ny kontor

Aukra sokn

REKNESKAP 2025

Innhald

Rekneskapsskjema - Drift	1
Rekneskapsskjema - Investering.....	2
Balansen	3
Oversikt ansvar	4
Note 1: Rekneskapsprinsipp.....	4
Note 2: Kommunen sitt tilskot	4
Note 3: Kapitalkonto	5
Note 4: Anleggsmidler.....	5
Note 5: Fondsmidler.....	6
Note 6: Udekkja i investering	7
Note 7: Udekkja/udisponert i drift	7
Note 8: Aksjar og andelar.....	7
Note 9: Pensjon.....	8
Note 10: Strykningar.....	9
Note 11: Ytingar til leiande personar.....	9
Revisors utgreiing	10

Rekneskapskjema - Drift

(Tall i heile kroner)

	Rekneskap 2025	Reg. budsjett 2025	Oppr.budsjett 2025	Rekneskap 2024
Inntekter:				
1 Brukerbetaling, sal, avgifter og leieinntekter	671 491	637 000	637 000	594 441
2 Sal av driftsmidler/fast eiendom	0	0	0	0
3 Refusjonar/overføringer	452 315	380 000	380 000	423 610
4 Kalk. inntekt ved komm. Tenesteytingsavtale	213 200	212 000	212 344	205 000
5 Statlige tilskot	65 169	0	0	484 600
6 Tilskot frå rettssubjektet Den norske kyrkje	55 486	56 000	30 000	0
7 Rammeoverføring/tilskudd frå eigen kommune	4 083 000	3 993 000	4 003 656	3 708 000
8 Tilskot fra soknets organ	0	0	0	0
9 Andre tilskot, gáver, innsamlede midlar	231 992	174 000	174 000	215 824
10 Sum driftsinntekter	5 772 653	5 452 000	5 437 000	5 631 476
Utgifter:				
11 Lønn og sosiale utgifter	2 541 715	2 858 001	2 975 643	2 138 274
12 Kjøp av varer og tenester	2 351 619	2 376 999	2 578 000	2 160 878
13 Refusjoner/overføringer	311 679	380 000	380 000	354 325
14 Kalk. utg. ved komm. tenesteytingsavtale	213 200	212 000	212 344	205 000
15 Tilskot og gáver	176 915	120 000	120 000	158 235
16 Sum driftsutgifter:	5 595 128	5 947 000	6 265 987	5 016 713
17 Brutto driftsresultat:	177 525	-495 000	-828 987	614 763
18 Renteinntekter og utbytte	11 751	0	0	4 082
19 Mottatte avdrag på utlån	0	0	0	0
20 Renteutgifter og låneomkostn.	0	0	0	0
21 Avdrag på lån	0	0	0	0
22 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	0	0	0	0
23 Netto finansinntekter/-utgifter	11 751	0	0	4 082
24 Avskrivningar	741 103	567 000	567 000	548 473
25 Motpost avskrivningar	741 103	567 000	567 000	548 473
26 Netto driftsresultat	189 275	-495 000	-828 987	618 845
Interne finansieringstransaksjonar:				
27 Bruk av udisponert frå tidl. år (mindreforbruk)	0	0	0	0
28 Bruk av disposisjonsfond	0	617 000	0	99 588
29 Bruk av bundne fond	168 000	418 000	418 000	0
30 Sum bruk av avsetningar	168 000	1 035 000	418 000	99 588
31 Avsett til dekning frå tidlegare år (underskot)	0	0	0	0
32 Avsett til disposisjonsfond	0	0	0	0
33 Avsett til bundne fond	36 593	0	0	462 614
34 Overført til investeringsrekneskapet	268 678	540 000	0	255 819
35 Sum avsetningar	305 272	540 000	0	718 433
36 MEIRFORBRUK / MINDREFORBRUK	52 004	0	-410 987	0

Rekneskap 2025 – Aukra sokn

Rekneskapskiema - Investering

(Tall i heile kroner)

	Rekneskap 2025	Reg. budsjett 2025	Oppr. budsjett 2025	Rekneskap 2024
1 Investeringar i anleggsmidlar	151 971	964 000	750 000	225 347
2 Kalk. utg. ved komm. Tenesteytingsavtale	-	-	-	-
3 Renteutgifter, låneomkostningar	-	-	-	-
4 Avdrag på lån	-	-	-	-
5 Utlån, kjøp av aksjar, andelar o.l.	11 413	10 000	10 000	10 575
6 Avsetningar	135 688	136 000	-	64 967
7 Årets finansieringsbehov	299 072	1 110 000	760 000	300 889
Finansiert slik:				
8 Inntekter frå sal av driftsmidlar/fast eiend.	-	-	-	-
9 Refusjonar	30 394	200 000	150 000	45 069
10 Kalk. inntekt ved komm. Tenesteytingsavtale	-	-	-	-
11 Tilskot til investeringar	-	370 000	610 000	-
12 Renteinntektar og utbytte	-	-	-	-
13 Bruk av lånemidlar	-	-	-	-
14 Mottekne avdrag på utlån (ekstraord.)	-	-	-	-
15 Sum ekstern finansiering	30 394	570 000	760 000	45 069
16 Overført fra driftsrekneskapen	268 678	540 000	-	255 819
17 Bruk av avsetningar	-	-	-	-
18 Sum finansiering	299 072	1 110 000	760 000	300 889
19 Udekket/udisponert	-	-	-	-

Prosjekter:

Prosjekter:	Rekneskap 2025	Rev. budsjett 2025	Oppr. Budsjett 2025	Rekneskap 2024
Brannsløkkingsanlegg				225 347
Renovering vindu kirken	151 971	964 000	750 000	0
Sum	151 971	964 000	750 000	225 347

Balansen

(Tal i heile kroner)

BALANSE	Rekneskap 2025	Rekneskap 2024
EIENDELAR:		
A - Anleggsmidlar		
Faste eiendommer og anlegg (4)	17 464 958	17 946 579
Utstyr, maskiner og transportmidla (4)	659 373	766 884
Utlån	0	0
Aksjar og andelar (8)	152 041	140 628
B - Omløpsmidlar		
Kortsiktige fordringar	366 758	458 976
Aksjar og andelar	0	0
Sertifikat	0	0
Obligasjonar	0	0
Kasse, bankinnskot	1 589 729	1 818 251
C - SUM EIENDELAR:	20 232 859	21 131 318
EIGENKAPITAL OG GJELD:		
D - Eigenkapital		
Disposisjonsfond (5)	617 230	617 230
Bundne driftsfond (5)	352 932	484 339
Ubundne investeringsfond	0	0
Bundne investeringsfond (5)	16 486	16 486
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0	0
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0	0
Rekneskapsmessig mindreforbruk (7)	52 004	0
Reknenskapsmessig merforbruk	0	0
Udisponert i investeringsrekneskapen	0	0
Udekt i investeringsrekneskapen (6)	0	-135 688
Kapitalkonto (3)	18 304 823	18 882 542
Gjeld		
E - Langsiktig gjeld		
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	0	0
F - Kortsiktig gjeld		
Kassekredittlån	0	0
Annen kortsiktig gjeld	889 383	1 266 408
G - SUM EIGENKAPITAL OG GJELD:	20 232 859	21 131 318
Memoriakonti		
Ubrukte lånemidlar	0	0
Andre memoriakonti	10 523	10 523
Motkonto for memoriakontiene	-10 523	-10 523

Rekneskap 2025 – Aukro sokn

Oversikt ansvar

Ansvar	Rekneskap 2025	Rev. Budsjett 2025	Avvik i NOK
1000 Administrasjon	-1 869 482	-2 127 999	-2 359 218
2000 Kyrkja, KL §15	1 105 295	1 208 999	1 526 714
2100 Kyrkjeleg aktivitet utan kommunalt tilskot	141 092	385 000	220 731
3000 Kyrkjegarden	844 573	697 000	774 659
4000 Kyrkjelydshus	198 944	-163 000	-162 886
8990 Motpost avskrivningar	-741 103	0	0
9100 Rekneskapsmessig mindreforbruk	52 004	0	0
9200 Fondsdisposisjonar	268 678	0	0
Sum	0	0	0

Note 1: Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen er ført etter forskrifter om økonomiforvaltning for kyrkjeleg fellesråd og sokneråd i Den norske kyrkje. Forskrifta har reglar om oppstilling og rapportering av rekneskapen.

Rekneskapen er ført etter anordningsprinsippet. Det vil seie at alle kjente inntekter og utgifter pr 31.12.2025 er ført inn i rekneskapen for 2025. Likevel nyttast kontantprinsippet ved bokføring av festeavgifter da det er knytt stor usikkerheit til inntekta det enkelte år. Deltakarbetaling trosopplæring og konfirmasjon vert også ført etter kontantprinsippet.

Avskrivningar er utgiftsført på dei enkelte kapitla i driftsrekneskapen. Motposten er inntektsført på ansvar 8990 og avskrivningar får difor ikkje resultatmessige konsekvensar. I tillegg har avskrivningane, som tidlegare, redusert verdien på anleggsmidla i balansen.

I følgje avtale mellom Aukra sokneråd og Aukra kommune, er økonomiavdelinga i kommunen ansvarleg for føring av rekneskapen. Dette er ein teneste Aukra kommune for tida kjøper frå Hustadvika kommune.

Note 2: Kommunen sitt tilskot

Kommunen sitt tilskot til ordinær drift for 2025 er kr 4 198 000,-. Tilskotet dekkjer drift av kyrkja og kyrkjegarden. Soknerådet bestemmer korleis midlane vert nytta. Det er inngått ein ny tenesteytingsavtale mellom Aukra kommune og Aukra sokn i 2024 på kr 205 000,-. Dette er trekt frå utbetalinga av tilskot. I tillegg er det gitt eit tilskot på kr 90 000,- i forbindelse med påskeliljemarka sitt jubileum. Det er kr 4 083 000,- som er bokført som tilskot frå kommunen i 2025.

Det er inngått avtale med Aukra kommune om rekneskapsføring, løn etc. Verdi av tenesteytinga er berekna til:

Rekneskapsføring: kr 76 000,-

Lønsutbetalingar: kr 54 000,-

Vintervedlikehald: kr 62 400,-,-

IKT-nettverk: Kr 20 800,-

Total verdi på tenesteytinga er bokført med kr 212 200,- i Aukra sokn sitt rekneskap. Dette er ført som kalkulatoriske utgifter og inntekter i driftsrekneskapen. Tenesteytingsavtalen seier at beløpet skal auke årleg med kommunal deflator. Denne justeringa er ikkje føretatt i kommunen si utbetaling av tilskot.

Rekneskap 2025 – Aukra sokn

Note 3: Kapitalkonto

(Tal i heile kroner)

	Beløp
Saldo pr 01.01.2025	18 882 542
Avskrivning 2025	-741 103
Kjøp av aksjar	11 413
Investeringar 2025	151 971
Saldo pr 31.12.2025	18 304 823

Signert kapitalkonto Aukra sokn 2025

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- LILL TOVE KOLBERG GAMMELSÆTER, signert 17.02.2026 med ID-Porten: Bypass
- ANNE MARIE SØDAL, signert 18.02.2026 med ID-Porten: BankID

Note 4: Anleggsmidler

(Tal i heile kroner)

	Bygningar	Maskin/utstyr	Aksjar	Sum
Bokført verdi 01.01.2025	17 946 578	766 884	140 628	18 854 090
Tilgang 2025	151 971	-	11 413	163 384
Avskrivningar 2025	633 592	107 511		741 103
Nedskrivningar				-
Reverserte nedskrivningar				-
Bokført verdi 31.12.2025	17 464 957	659 373	152 041	18 276 371
Avskrivningstid	50 år på kirker, 40 år på andre bygningar	10 år	Ingen avskrivning	

Note 5: Fondsmidler

(tal i heile kroner)

Bundne driftsfond:

	01.01.2025	Endring	31.12.2025
B.driftsfond kyrkjelydshus	11 950	0	11 950
Musikkinstrument Julsundet	9 775	0	9 775
Merking av krigsgraver	168 000	-168 000	0
Trusopplæringsmidler Bispedøme	286 214	31 293	317 507
Trusopplæring givarmidler	8 400	5 300	13 700
Sum bundne driftsfond	484 339	-131 407	352 932

Disposisjonsfond:

	01.01.2025	Endring	31.12.2025
Disposisjonsfond	540 065	0	540 065
Fond festeavgift	77 165	0	77 165
Sum disposisjonsfond	617 230	0	617 230

Investeringsfond:

	01.01.2025	Endring	31.12.2025
B.inv.fond Julsundet kapellråd	16 486	0	16 486
Sum bundne investeringsfond	16 486	0	16 486

Note 6: Udekket i investering

(Tal i heile kroner)

	01.01.2025	Endring	31.12.2025
Udekket 2023	135 688	-135 688	0
Akkumulert udekket i investering	135 688	-135 688	0

Note 7: Udekket/udisponert i drift

(Tal i heile kroner)

	01.01.2025	Endring	31.12.2025
Mindreforbruk 2025	-	52 004	52 004
Akkumulert	-	52 004	52 004

Note 8: Aksjar og andelar

(Tal i heile kroner)

	Beløp
Eigenkapitalinnskott KLP 01.01.2025	140 628
Bevegelse 2025	11 413
Eigenkapitalinnskudd KLP 31.12.2025	152 041

Note 9: Pensjon

(Tal i heile kroner)

KLP er pensjonsleverandør. KLPs kollektive pensjonsordninger sikrer tariffestet tjenstepensjon for de ansatte. Pensjonene fra KLP samordnes med utbetalingene fra folketrygden i de tilfeller regelverket krever det.

Nøkkeltall for Aukra sokn er:

	2024	2025
Innbetalt premie/tilskudd inklusiv administrasjon	167 262	225 956

Innbetalinger av premie/tilskot, fråtrekket 2% trekk for tilsette, er det som føres som pensjonsutgift i rekneskapen.

Estimert forpliktelse/midler 31.12.	2024	2025
Brutto påløpt forpliktelse	5 332 941	5 979 988
Pensjonsmidler	5 360 291	5 914 480
Netto pensjonsforpliktelse	-27 350	65 508

Økonomiske forutsetninger	2024	2025
Diskonteringsrente	4,00 %	4,00 %
Forventet lønnsvekst	2,97 %	2,97 %
Forventet G-regulering	2,97 %	2,97 %
Forventet pensjonsregulering	2,20 %	2,20 %
Forventet avkastning	4,50 %	4,50 %

Det er anvendt KLPs standard føresetnader for dødelegheit, uførhet og framtidig AFP-uttak og frivillig avgang.

Medlemsstatus	01.01.2024	01.01.2025
Antall aktive	7	9
Antall oppsatte	9	11
Antall pensjoner	6	9

Note 10: Strykingar

(tall i hele kroner)

	Budsjett	Bokført	Strøket
Overføring frå drift til investering	540 000	268 678	271 322
Bruk av disposisjonsfond	617 000	-	617 000

Overføring frå drift til investeringar er redusert ved strykning ihht Forskrift om økonomiforvaltningen i Den norske kirke § 17, 9. ledd punkt a).

Bruk av disposisjonsfond er redusert ved strykning ihht Forskrift om økonomiforvaltningen i Den norske kirke § 17, 3. ledd.

Note 11: Ytingar til leiande personar

	Beløp 2025
Leiar sokneråd	28 990
Nestleiar sokneråd	19 929
Årslønn kyrkjeverge, dagleg leiar	750 000

Anne Marie Sødal 5/3-26
ANNE MARIE SØDAL
KYRKJEVERGE

Erlend Meløy
Erlend Meløy
Sokneråds-/Fellasrådsleiar